



Geir Botnen er ein klassisk pianist, særleg kjend frå framføringar av Grieg, Tveit og Sæverud.

Alle er godt kjende med Maria Malmsten, musikalsk leiar for koret Røyserett for Alle. Det same er vi med Eva Megyesi som på jubileumskonserten på laurdag skal spela til den delen der Rosendal songlag og Røyserett for Alle syng fellesnummer med musikk av Webber. Gjesteartistane er truleg meir ukjende for mange.



[Toralv Lura er mest kjend som Doktor Lura, fastlege for mange og sjukeheimslege på Husnestunet.](#)

Toralv Lura som konferansier var eit spenstig val. Lura er fastlegen for mange, kom til Kvinnherad alt i 1987 og har i mange år vore sjukeheimslege på Husnestunet. Han har sunge i kor, men det er lenge sidan. No er han meir tilhøyrar og over snittet interessert i klassisk musikk, særleg opera.

Andre Eide kjem frå Halsnøy, men bur på Stord. Eide har spelt pinao i 18 år. Han er ein aktiv pianist både lokalt og på nasjonalt plan. På konserten laurdag vil han stå for tonefylgje til mykje av det Røysterett for Alle syng.



[Andre Eide frå Halsnøy vil ha tonefylgje til mykje av det Røysterett for Alle syng.](#)

Geir Botnen er ein av dei meste kjende pianistane i landet. Alt som student ved Musikkonservatoriet vart han beden om å spela med Bergen Filharmoniske Orkester. Geir Botnen er ein allsidig pianist, frå stilen barokk til moderne og nyare verk. Han kan syna til ei rekkje oppdrag i inn- og utland. Botnen har vore og er framleis sentral i musikkfestivalen Hardingtonar med Geirr Tveitt og Edvard Grieg sin musikk som sentrale element. Det vil difor undra mange om ikkje Botnen si framføring på laurdag har med musikk av Grieg, Tveit og Sæverud. Laurdag kl. 17.30 er tida for jubileumskonsert i Kulturhuset Husnes med Røysterett for Alle og gjestekoret Rosendal songlag og dei gjesteartistane som er presenterte her.

Tekst: Svein Rimestad/Kristian Bringedal

Foto: Med løyve frå tilskipar

Nett: Kristian Bringedal